

PÅ MOLAND ÅR

1053

av

torkel


moland

Det var storgilde på Moland. Rundt bålet var samla ein flokk av dei gjævaste, samt andre som var minst like nyttige for ve og vel i samfunnet. Utan å laga store bølger heldt dei på å feira den lysaste natta i året.

Då dansen hadde stilna og folk hadde drukke seg rimeleg utyrste, bad far om stillhet og tok så til ordet:

- Det hev kome eit rundskriv i frå sirkulære hold, her heiter det slik, I quote: "Ærede amt, I folk på øvrebygden har skikkede eder i samsvar med kongens og Herrens lover, I er kongens menn, og han byr sitt vennskap, sæle er kongens træle! Han byder eder å gå til Rysnes sokn og kristne den siste parasoll i grensestaden!"

- Well, sa far, er det noen spørsmål, ingen? - Godt, så la oss ta fatt! Alle stiller her kl 8 med full pakning, jeg sa kl 8 ikke fem på eller fem etter. Anton på Liarende stiller med med atten svarte hester, alle andre kommer på hver sin gamp, vanlig rustning, husk feltkar og førstehjelp! Og du, Ronald Boklærd, skriver opp det første bud i femogtredve eksemplarer, tjue på dansk, femten på ländsmål, han bruker svarte og fjørpenn av



Teikning: Steven Trøland

beste merke. Du, Thor Fjeldsprenge, bringer glokull og skræmsmeller, man får ta teknologien i bruk. Thor Bjørne sanker sammen 13 mellomstore buormer, han sanker i sin egen mark, han knegår om nødvendig. Folk fra Linfjell samler sølvsaker, smør og korn som brukes til bestikkelse av veivoktere, på den måten gjøres veien fremkommelig, samt

en stabel forholdsvis pent brukte Flekkefjord Bodstikke som brukes på reisen. Er det noen spørsmål? Hva? Hvem der? Otto fra Venstre? Om han kan drive politisk propaganda i hedningemarken og samle underskrifter? Nei, vi holder oss til reglementet. På denne turen arbeider vi for kongen og Vårherre, siden får vi tenke på oss selv. Hva, - hvem var det?

Kristian på Snågoland som spør om hva kongen har lovet han for å bli med på ferden? Ja ha, kongen har lovet at den som spør så dumt skal han spare livet på. Flere tåpeligheter? Nei vel, folkens, så skjerp eders våpen opp for ferden og i sær eder selv, og husk alle stiller med renskåret skjegg eller hår, eller begge deler der det passer. Våpenkjolen skal være harmonisk tilskåret i friske farger, lengden skal være tillempet enhvers utseende, dog må reglementets maksimale høyde over havet, som er 3 fingerbredder, overholdes. Og til eder som ser frem til ferden med tanke på løsslupenhet og verdslige gleder, til eder sier jeg at dette er ingen ferd i viking. I må tøyte eder, til høsten da går vi i viking til landet af Fellesmark."

Ferden hadde startet og morgensolen varmet behagelig da følget flokket over markene til Tore Korndigre, noen i flokken var lystige og sang "Alltid freidig når du går, selv om du aldri til Rysnes når, når du på kornet trår". Tore Korndigre drog da sverdet og fekk flokken på line, men klaget seg høylydt og brukte harde ord om somme i kongeflokken. Da mælte Anton på Liarende: "Jeg skal skipe korn fra Kristiania torv." Tore svarte lite på det, men mange syns Anton tok mindre i enn han hadde for vane.

I storsvingen med Hishommen møtte dei den første vegvokteren, han sat stille og godt samankrøkt i vegkanten. Far spurte om vegen var farande, mannen lea på leppene, men ingen hørde kva han sa. Far ba vokteren om å reisa seg opp og koma nærmare, men mannen lea på leppene og gjorde tegn mot sola. Far var litt trollkuning og tyda det slik at mannen hadde funne plassen for dagen og kunne ikkje flytta seg så lenge sola sto så høgt på himmelen. Far var ein omsorgsfull mann og gav vokteren ei oksehud å sitja på. Som tidtrøyte fekk han å lesa ei rune bok om "Min plass i samfunnet" av Jens Bjødnebu.



Storgildet på Moland.

Teikning: Steven Træland

I fylgjet var det ei kvinne som hadde stor uflaks, ho hadde falle av hesten 17 gonger og var ofseleg harm. "Så Gud hjelpe meg, nå får det vera nok!" skreik ho og naubad far om å slå i hel hesten. Far let nåde gå for rett, han sette Gutår og Anders til dette oppdraget, mens resten fekk seg ein pust i bakken.

Etter andre kaffikjele høyrdest eit svært spetakkel frå slaktestaden. Far reiste seg og gjekk over med rolege, avbalanserte skritt og sa: "Hvad i Herrens navn gjør de, mann! Så I flår merren med naveren? De skulle vite bedre enn å ødsle godt redskap på gammel merr!" "Godt", sa slakteren, "man lærer så lenge man lever, og enda er gode råd billige".

I middagsleitet nådde dei ein plass som dei kalla for Næslang, her budde det eit folk som tyktes vera tolleg kristna om det så li-

te viseleg var. Ingen forsto seg på levemåten deira, ingen tyktes å ha særleg gjeremål for føda, likevel var dei runde og mjuke å ta i. Far såg til ein mannsling som tora hadde råka, mannen hadde stått på taket i tre veker og ropa om hjelp som han hadde blitt lova for tre månader sidan. Så some tyktes å lova langt meir enn det dei såg som høveleg å halda, derav hadde navnet Næslang kome. For best å kunna hjelpa den ulykkelige, sende Far bod etter førstehjelp, men mannslingen vart lengre i fjeset då Far sette førstehjelpen for egen munn og tømte den i to velsigna drag. "Jeg ser inn til deg på nedveien" sa Far og ynskte god bedring og baud farvel.

For å halda folket på Næslang i age og til ære for kongen, let Far to av dei næslendingane som sto nærmast rundjula på høvisk kongeviss. Då mælte Thor Fjeldsprengje: "Det lager seg for gilde

folk og kongsmenn. Lager det seg mindre godt for andre, har dei ført det over seg sjølve. I dag har næslendingane lært, og lærdommen er lett å bera". Alle klappa i skjolda og tykte det var gode ord og vel tala, men Olaf Lemyr tykte det var gode ord hadde ein annan sagt dei. Far bles i bronseluren to lange og ein stutt til avmarsj; folk heldt seg i øyrene for det var uhyggeleg falskt og skjerande høgt. Far kjende seg harm på luren og tenkte halsbrekkande tankar om Erkebiskopen i Wales som med eit søt, feit smil hadde bytta likt med ei pent brukt trælkinne. "Erkeengel ja, dette skal stå på print i Forbrukarruna, om turvande går eg med sag og øks mot han".

- Trælkinna hadde han fått på farsdagen-

Men dagen var fin og ferda gjekk høveleg godt, så humøret kom attende, og Far tok seg pent inn igjen. Kan hende var det ikkje så dårleg handel han gjorde likevel, trælkinna hadde han fått på farsdagen, borna hadde lagt seg saman og spleisa, det gjorde godt å tenkja på at dei hadde slik omtanke. Rett nok hadde dei kjøpt ho rimeleg av Tore Kornvigre utan meromsetningsavgift, dette fordi Tore var svært unøgd med trælkinna, og ingen tvilte på at han snakka sanning då han sa ho ikkje kunne dra ein favn ved på snøfritt føre..

Olaf på Lemyr hadde site på hesteryggen og granska bronseluren med sitt skarpaste blikk. "Jøsses Gudbevaremeg, det står på luren at han er mad i England, ja gode tenner må dei ha, skal lura på kva dei drikke atte til, he he, merkjelig løye du..".

Dei nærma seg Rysnes i fin stil og flyten var der. Ronald Boklærd sa at etter omdøme med

- Her skal det kristnes over en lav sko-

sola hadde han rekna ut at ein ny rekord var eit faktum. For å dobbelsjekka sola hadde han egg-timeren, og den hadde han snudd 318 gonger, eller var det 218, han hadde røykt ein sigarillo for kvar gong for betre å kunne fylgja med i reikninga. Kan handa kunne hedningar koma snarare fram utan hestosal, men dei fekk naturligvis ikkje godkjent sine resultat før dei tok i mot troen av Hellig Ole.

Då dei reid inn porten i Rysnes, stod det ein mann og sperra vegen. Då ropa Al Sille med overlag kraft i målet:

"Kongsmenn inn på tunet stiger, same kva den heidning siger. Lov i landet, fram med bodet, skamslå Thor og av med hodet. Herrens kjærleik fram i dagen, knasa orm som lokka mann i hagen. Sydebukk av Thor du fer, like lukt til helheim ner."

Dei sterke orda syntes å gjera lite verknad på mannen. Då tok Thor Fjeldsprengje ein skræmsmell opp av sekken og kasta etter mannen. "Torden og kanoner", skreik hedningen og flaksa av stad med føter og hender i vill uorden. "OK", sa Far, "motstanden er brutt ned så la oss ta fatt og arbeide, her skal det kristnes over en lav sko".

Kongsmennene let hestane gå i skrittgang over mot kjøpstaden, mange av mennene kasta lange augo mot krambua, og ein stygg hoste kunne høyrast i flokken. Som før nemnt. Far var ein mann med omtanke for velferd, han viste at denne hosten var ikkje utan grunn. Difor sende han inn to mann på krambua for å bytta til seg Engelsk saft for hoste. Han valde ut fire mann til å passa på at dei to han sende inn kom ut att. Det var mykje hugnad i

denne safta, og sidan ingen kunne prova at ein vart verre i hosten av å nytta ho, tyktes det for galt å la vera.

Mennene sat og låg rundt på tunet, kvilte, åt og drakk. Imens samla det seg ein stor hop nyfikkne innfødte. Det høyrdest ein kvass smell i markstaden. "Kva var det som brast så høgt?" spurte Far. "Å, det var det fordervelege sverdet mitt, eg skulle bryta eit brød", svara Tore Kornvigre. "Du skulle vita betre enn å bruka det nye sverdet ditt på brød som du har bytta til deg her", sa Anton på Liarend. Tore vart harm og slengde brødet inn i heidningeflokken. Brødet råka den største av alle heidningane i Rysnes, han som rådde over veret. Han seig i koll og sa: "Eg spådde regn frå himmelen, nå sendar den nye Guden brød!" Då kvad Anna hjå Gutår: "O sæle miskunn, såg du brødet hardt i lufta fauk. Heimebakst fekk heidning smaka!" Samstundes sprang Ronald Boklærd fram med 35 bud. "Ta i mot budskapet!" ropa han og kasta buda opp i lufta og spreidde dei inn i folkehopen. Far lika denne framgangsmåten og viste til paragraf 2 i "Håndbok for kongsmenn". "Der står det, jeg siterer", sa Far, "I som representerer Kongen skal gå frem med fast hånd og være handlekraftig, uten å tenke skal han handle i enhver given situasjon. Langtenkt er hver mann som ikke handler, forsent og toskaktig er det å handle når kroppen er i Spania og hodet ligger værfast på Lofoten".

- Heimebakst fekk heidning smaka!-


Det lei nå langt på dagen, og sola hadde gått ned i aust, og det tyktes vera eit heller dårlig tegn for hedningane. Og så let Far demonstrera det siste nye middelet for hjernevask. "Med Blenda vaskar du hendene kvite og fine, og heile kroppen skin". Kongsmannen Thor Bjødne treiv då tak i ei kvinne som dei kalla husheidningevikaren, med eit rask augeblikk kledde han av henne skinnserken og vaska kvinna kvit som kvitaste solturka bein. Det var så overlag stille og hendeleg gjort at mange av dei eldste i kongeflokken som hadde vorte litt for gamle for slike oppgåver, måtte fram med skinn-duken og klara nasetipp og i same rennet raska vekk nokre hersens tårer som ufrivilleg hadde losna.

Heidningane stod som fjetra, dette tyktes vera det største av alle under. Tydeleg var det at Far hadde skåra kraftig og han sa: "Med dette middelet ser jeg lyst på situasjonen. Vi er etter alt å dømme på høyde med timeplanen. Og du, Thor Bjødne, har lært leksen din bra". Det kom då fram fleire kvinner som ville bli kvite, og Thor Bjødne vaska dei rundeleg og hadde eit godlynt smil kring andletet. Til slutt steig ein karmann fram og ville kvita seg. Då mælte Thor Bjørne: "Dette ser lite bra ut, gå du ned til Kvinelven og legg deg godt i blot ein tur bortover til Mikkjelmess, ama sorry!" Thor Bjødne trekte seg då tilbake og tykte han hadde gjort sin kristenplikt for turen.

Merknad av granskaren: Det er utenkjeleg at saga skulle slutta her, alvorleg finkjemning må bli gjort på området. Kva kan ha hendt, må ein få lov til å spørja. Kan runeskrivaren ha kome på fylla? Eller kan resten av rundreisa ha utvikla seg av så sterk natur at Presteskapet som hadde tilgang til skrinet med gamle rare saker kunne..ja, kunne muligens ha raska ut den siste del av saga? Kan henda var her den første organiserte sensur? Men logisk tankegang seier til granskaren: Papira, dvs resten av skinnboka vart slettes ikkje ødelagt, men har gått i arv frå prest til prest.

Granskaren har i løyndom fått eit stipend som skal brukast til omminnredning av alle prestegarder i sognet og ser fram til dette med spenning og stor forventning. Spenninga kjem mest i forbindelse med alle skrymt som skal overhøyrast samstundes. (Elles hadde stipendet bare vore det halve. Pluss skrymttillegg som jo er 10% rekna ut i frå skremselfaktoren i "Håndboka om skrymt og trivsel" Dette oppdraget kan få stor betydning for soknet, formannskapet i herredstyret har i samråd med Sosialdepartementet sendt ein appell og eit ynskje til gode folk i soknet. Dette går i korte trekk ut på ein vidunderleg aldersbygning for skrymt. Boligen er tenkt bygd på Kvinlog. Det er framifrå sinnrikt uttenkt heile opplegget, alle dei som vil leva i fred og likar å ta kveldsturer, i det heile tatt folk som er lite på talefot med skrymt og likar at det skal halde fram slik, ja, han vil gladeleg spandere 3 veker tid i ferien på eigen kost og kostnad og vera med å føra opp denne storslåtte bygning. Dette må røra sjølv den mest innbitte og hardkokte, og ein reknar med at dei som ikkje møter opp på lyse dag kjem i kveldinga. Skrymt er ein del av den norske fauna og må vernast om, og bestanden må byggjast opp. Kan henda allerede i vår tid kan det bli vanleg å møta omtalte til og med på lyse dagen, så med di hjelp kan skrymtet sjå framtida lyst i møte. Slik sluttar oppropet, og leitinga etter andre bolken i saga vil halda fram.

Torkel Moland, New York 1975



Teikning: Steven Trøland